



Tone Jorunn Tveito fann seg ein høveleg armkrok i Canada. (Alle foto: Private)



På jakt etter storbamsen

25. mai reiste to lårdølar til Canada for å oppleve bjørnejakt. Seks jakt dagar og fire dagar med sightseeing resulterte i fleire bjørnefall og mange opplevingar.

Dag Svarudal

Tone Jorunn Tveito og far hennar Kjell Olav Tveito har i fleire år vore dykfrige jegerar, men i år var det meir enn berre elg og hjort som skulle falle for Noslerkulene til Tveito-familien.

– All frå eg var ei lita jente har eg vore jaktinteressert. Eg var mykje med far min på jakt. Eg hugsar me satt opp mårfeiler då eg var fem år gamal, og eg skaut min fyrste elg då eg var 18 år. Det er morosamt med litt smygjakt også, eg har prøva å lokke hjorten. Det er fantastisk å høyre på når hjorten brølur, og då brølur eg tilbake, fortel Tone Jorunn.

– Eg har alltid hatt lyst til å reise på bjørnejakt, og har ein lyst til det så må ein berre få gjort det før det blir for

seint. Far min Kjell Olav er no 71 år og då var det på tide for han også å ta seg ein tur over Atlanteren. Kjerascen min, Ståle Bekketh, frå Numedal var også med på turen, seier ho.

Reiseruta
– Me bestilte turen gjennom Mylla Jakt og Fiskereiser, eit firma som arrangerar jaktopplevingar rundt om i verda. Me tok fly over Atlanteren til Montreal og derifrå til Vancouver. I Vancouver bytta me til eit mindre fly som tok oss til ein lokal småflyplass som heitte Smithers. Derifrå køyde me bil til jaktterrenget som var ved Babine Lake i British Columbia, fortel Tone Jorunn.

Jakta
– Me var eit reisefølge på totalt 16 personar, som igjen vart delt inn i to grupper på åtte. Gruppen vår fekk utdelt eit jaktterrenget som var like stort som Opp-

land fylke, og det seier litt om dimensjonane der borte, seier Tone Jorunn.

Deretter skilde dei lag med dei andre i gruppa. Tone Jorunn, Kjell Olav og Ståle hadde med seg ein eigen jaktguide.

– Dei starta med å kartlegge området, der dei mellom anna samla inn lort. Bjørnen likar seg ofte der det er gras og løvetann han kan eta.

– Ein skulle ikkje tru det, men 95 prosent av bjørnens kosthald er planter og liknande. Han et svært lite kjøtt, men mykje gras, seier Kjell Olav.

For å ta seg fram i jaktterrenget nytta dei firehjulingar og båt. Det var mange skogsveggar og grusveggar som dei nytta seg av, og det var ofte nødvendig.

Bjørnefall
Fyrste dagen såg dei spor i søyla etter både bjørn og ulv. Etter å ha gjenge ein times tid såg Kjell Olav to svartbjørnar.

– Det var litt skog der, men det var

ikkje vanskeleg å sjå bjørnen. Eg lista meg nærmare og hadde han på kring 100 meter. Trea var delvis i vegen for sikten, men då bjørnen kom i ei glenne, drog eg av, og han datt. Det var ikkje den største i området, men det var ein flott bjørn.

Ståle Bekketh skilde delvis lag med far og dotter Tveito, og gjekk med ein annan guide. Andre dagen skaut Ståle ein stor svartbjørn.

Kjell Olav satt på post då han hørde noko plystring. Han plystra tilbake og ut av skogen kom ein bjørn. Bjørnen gjekk roleg og fint medan han åt gras.

– Eg syntest bjørnen var litt for liten til å skyte han, men det var ei fin oppleving sjølv om og ikkje skaut, seier Kjell Olav.

Andre og tredje dagen skaut dei ingenting.

Lange dagar
Den fjerde dagen gjekk dei langt. Etter å

ha gjenge ei mil, sette Kjell Olav seg ned på post. Tone Jorunn og guiden gjekk 3-4 kilometer til.

– Denne dagen såg og ulvespor, grizzlyspor og svartbjørnspor. Etter å ha gjenge 14 kilometer snudde me i retning mot campingstaden. Etter kvart såg me ein bjørn på rundt 400 meter. Det var vanskeleg å bedømme storleiken på han, så me gjekk nærmare. Då sa guiden til meg: «This is a big bear» (dette er ein stor bjørn). Då eg kom innpå han rundt 100-120 meter så skaut eg. Bjørnen starta å springe og forsvann mellom trea. Skogen var tett mange stader og det var litt skummelt då me berre såg sju meter framfor oss. Då me kom fram til staden der eg skaut på han, så fann me bjørnen. Han hadde berre sprunge ti meter. Denne dagen gjekk me totalt 2,5 mil, fortel Tone Jorunn.

Ofte jakta dei til seint på kveld og klokka vart til og med tolv før dei kom

tilbake til campingområdet. Femte dagen skaut Kjell Olav sin andre bjørn utpå kvelden.

Ståle fekk sin andre bamse siste og sjette jakt dagen.

Ein gong i livet
– Slike opplevingar som me hadde i Canada får ein berre ein gong i livet. Det å få reise dit for å jakte bjørn er noko alle bør prøve før det er for seint. Det nyttar ikkje å utsetje det og tenke at ein får betre råd etter kvart, seier Tone Jorunn.

– Eg tenker ofte på turen me hadde i vår. Det er artig å tenke tilbake på alle opplevingane. Naturen var kjempeflott og jakta spanande. Dei hadde noko problem med angrep frå barkebiller som øydela skogen der. Me såg mange område der trea var heilt brunraude og halvdaude, fortel Kjell Olav.

Preparanten
På turen felte Tone Jorunn Tveito, Kjell Olav Tveito og Ståle Bekketh til saman fem bjørnar. På storviltjakt er det vanleg å vonne ut dyret før ein får det, men slik gjer dei ikkje med bjørnane. Er bjørnefallet i uleadt terreng, er det ikkje uvanleg at han ligg over til neste dag. Fyrst då fraktar dei bjørnen tilbake, der dei får han nøye.

– Det er ikkje slik som med elgen der me får han rimeleg raskt. Å få ein bjørn kan ta fleire timar, då folk ofte vil ha bjørnefellen med seg heim. Då må ein vere svært nøye og bruke skalpell for at skinnet skal bli fint og heilt. Deretter saltar ein skinnet og sender det vidare til ein preparant, seier Tone Jorunn.

Dei køyde skinna med hovud til ein preparant i Edmonton. Der skal bjørnefellen behandlast på ein skikkeleg måte.

– Det tek om lag eitt år før me får ut bjørneskinna frå preparanten i Edmon-

ton. Eg ser ikkje bort ifrå at det skal pryde stoggeivnet, seier ein nøgd Kjell Olav Tveito.

Sightseeing
I reisepakka er det inkludert fire dagar med sightseeing i Rocky Mountains.

– Me fekk sjå mykje flott natur desse dagane, og til og med når flyet fekk me sjå mykje. Det er uendeleg med viltmark, fjell og vatn der borte. Det er vanskeleg å forstå storleiken, og det seier litt når åtte mann får utdelt ein flekk i British Columbia som tilsvarar Oppland fylke, seier Kjell Olav.

«After hunt» var også ein del av sightseeinga for dei som ønskte det.

– I løpet av turen tok me langt over tusen bilete, og me har teke mykje opp på film. Bileta er fordelt på fleire kamera, men me har fått sortert dei delvis. På ein slik tur må ein berre ha med seg kamera, seier Tone Jorunn Tveito.

Sightseeing i Rocky Mountains. Frå venstre: Kjell Olav Tveito, Ståle Bekketh og Tone Jorunn Tveito.



Andre bjørnen som fall for Kjell Olav Tveito. Til høgre: Ein av guidane.



Ståle Bekketh, dei to guidane og Kjell Olav Tveito med bjørnen Ståle skaut.

